

# Spjutøy

TEMA: Samferdsle 76

## LINDÅS SLUSER

Ved SPJUTØY og STRAUMSOSEN går det tre innløp frå Lurefjorden til fjordbassenget innanfor. Heilt fram til slutten av 1800-talet kunne ikkje rutebåten gå lenger enn til Mølna ved Spjutøy. Ved Skallestraumen var det ei barkemølle som vart driven av den kraftige tidvass-straumen i sundet. Her var det også handel, bakeri og gjestgjevarstad kring midten av 1800-talet.



Lindås sluser i byrjinga av 1900-talet.

Lindåspollane er dei tre bassenga Straumosen, Spjeldnesosen og Fjellangervågen knytte saman av lange, grunne sund. Innløpa frå Lurefjorden til Straumosen er smale og ureine, og tidvass-straumane kan vera nokså stride, slik at det kan vera vanskeleg å koma gjennom med båt. På slutten av 1800-talet vart fleire av sunda på sørvestsida av Spjutøy utvida, slik at det vart mogleg å koma heilt inn til Lindås og Fjellangervågen med rutebåten. Det var ein viktig milestolpe for desse bygdene.

Men enno kunne det vera vanskar når

straumen var strid i sundet ved Mølna. Båtane måtte liggja og venta ved «Pinebenken» til straumen snudde med tidvatnet. Det vart difor bygt ei sluse her, samstundes med at barkemølla vart nedlagd. Slusa var ferdig i 1908 og var i drift til 1963. Det er berre to slike sjøsluser i Noreg. Den andre ligg i Skjoldstraumen i Rogaland. I samarbeid med Kystverket vert slusa restaurert og skal setjast i drift. Dette vil betra tryggleiken for båtar som skal gjennom straumen og inn til det fine friluftsområdet i Lindåspollane. □



Slusa.



Ella Verås i torvmyra.

## VERÅS – EIN GARD I LYNGHEIA

I lyngheia, i det opne landskapet vest for riksvegen mot Mongstad, ligg gardane VERÅS, SYSLAK og RISA. Verås er delt i to bruk. På det søre bruket kjem vi inn i eit tun som gjev oss eit fengslende nærbilete av ein liten gard i lyngheia. Dei gamle driftsmåtane med torvtaking og moldhenting har vore haldne ved lag heilt til vår tid, og i det velstelte tunet får du ei kjensle av ro. Tintreet, potetkjellaren, kjelda og den vesle gardflora i bøgarden er delar av ein harmonisk heilskap. Men kvardagen har vore strevsam nok: eit gardshushald prega av nøysemd – ei finstilt utnytting av alle ressursar.

Utmarka til Verås og Syslak ligg som eit samanhengjande lynghei- og myrområde mot nord og aust. Sjølve innmarka til det søre bruket på Verås er om lag 30 mål.

Dette ressursnittet viser samanhengen i lyngheia som økosystem.

